



Advokatfirmaet Vikse AS
Postboks 95
3101 TØNSBERG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1138 - 19/12030

Saksbehandlar:

Hanne Marie Evensen

hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:

28.05.2019

Godkjenning - GBNR 23/34 - Løyve til arealoverføring til gbnr. 23/509 - Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 121/2019

Tiltakshavar:

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Advokat Paul Vikse, har på vegne av heimelshavarar av gbnr. 23/34 Eivind Eikanger Namdal og Lena Melanie Steinhoff, søkt om løyve til overføring av eit areal på om lag 185 m² frå gbnr. 23/34 til gbnr. 23/509.

Det omsøkte arealet på gbnr. 23/34 er angitt som o_G1 i Reguleringsplan for Løypetona bustadområde, planid: 1256620070001. Arealet er regulert til gangvei som skal opparbeides av JM Norge AS, som er heimelshavar av gbnr. 23/509.

Det vert elles vist til søknad motteken

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 10.05.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VURDERING:

Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for nabovarsling ettersom tiltaket i lita grad får verknad for naboar.

Lov- og plangrunnlag

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Arealoverføring er «tiltak» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter pbl §§ 20-4, jf. 20-2, jf. 20-1 bokstav m). Vidare følger det av pbl § 26-1 at [o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan».

Det omsøkte arealet er regulert til gangveg gjennom Reguleringsplan for Løypetona bustadområde, planid: 1256620070001. Tiltaket er i samsvar med planen og kan difor godkjennast.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) §20-4, jf. §§20-2 og 20-1 bokstav m) løyve til overføring av eit areal på om lag 185 m² frå gbnr. 23/34 til gbnr. 23/509, i samsvar med søknad og vedlagt reguleringskart journalført motteke 10.05.2019.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på areala som vert overført vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl § 21-9».

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Kopi til:

Eivind Eikanger Namdal

Mykingvegen 153 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Advokatfirmaet Vikse AS

Postboks 95 3101

TØNSBERG